

# LEIAR

## Grannar

Partipolitisk ubunden lokalavis for Etne og Vindafjord

## Ikkje utgått på dato

Over hundre år etter at Kvinnedagen, 8. mars, blei stifta, er den framleis aktuell. Dagen oppstod i kampen for å gi kvinnene stemmerett og betre vilkår på arbeidsplassen. Likestilling mellom kjønna har betra seg på mange måtar gjennom åra, og hovudregelen her i landet er at det er liten diskriminering. Lokalt er det ingen tradisjon for å markera dagen, medan organisasjonane i arbeidslivet brukar 8. mars for å setja søkelys på ulikskap. Her er det framleis mykje å setja fingeren på. Også i idretten er det ein tendens til diskriminering, noko Vasaloppet i helga demonstrerte då vinnaren av kvinneklassen, Vibeke Skofterud først blei premiert med blomar, medan den mannlige vinnaren fekk ein ny bil.

◀ framleis store forskjellar i arbeidslivet

Det er i arbeidslivet me best ser dei store forskjellane det kan vera mellom kjønna. Kvinnene jobbar meir deltid, har dårlegare lønn og har vanskelegare for å nå opp i leiarstillingar. Ein nyare rapport viser at dagens norske kvinne jobbar like mykje som mannen og at det er om lag likt mellom kjønna i graden av høgare utdanning. Likevel er yrkesvala

tradisjonelle; kvinner hamnar oftare innan omsorg og undervisning, medan menn jobbar innan teknikk og naturvitskap. Og sjølv om stadig fleire kvinner får leiande posisjonar i arbeidslivet, er berre ein av fem toppleiarar kvinne.

Forskjellen kjem også klart fram på inntektene. I 2008 utgjorde kvinnene si bruttoinntekt 64 prosent av menn si inntekt. Dette har samanheng med kva type yrke kvinnene mest jobbar i, men er langt frå heile forklaringa. Den største ulikskapen finn me i fordeling av stillingane. Rundt 40 prosent av kvinner jobbar deltid, medan berre 14 prosent av menn har denne dårlege ordninga. Enkelte vil lovfesta retten til å jobba fulltid. Ei slik regulering er å gå langt, men det offentlege der deltidarbeid er mest vanlig, bør ta eit større ansvar for å sørgja for å minimalisera små stillingsprosentar. Det er framleis nok av saker å ta opp på Kvinnedagen.

## Kjærkome teikn

Vipa er komen, og mange andre kjærkomne varteikn dukkar også opp. Tida då det går mot lysare tider er alltid godt for kropp og sjel.



Det er all grunn til å sjekke spreinga av kvikksølv til nærområdet til basen på Raunes sjølv om moseprøvene ikkje viser høg

# Vil sjekke støv

Ingen foreining av vesentleg miljømessig betydning, er NIVA sin konklusjon i årsrapporten for undersøkingane på Raunes. Men det er all grunn til å sjekke utviklinga vidare.

JON EDVARDSEN

AF Decom Offshore AS og Norsk institutt for vannforskning (NIVA) presenterte i går årsrapporten for miljøundersøkinga rundt aktiviteten på Raunes og i Vatsfjorden i Vindafjord.

Prosjektleiar i NIVA, Astri Kvassnes, konkluderte med at undersøkingane viser at det ytre miljøet utanfor bedriftsområdet er påverka av Decom sin aktivitet, men det er ikkje blitt verre

enn året før.

Hovudkonklusjonen er at undersøkingane viser liten og moderat forureining i det som blir undersøkt.

### Uønskete stoff

Ho skisserer tre område med eit visst negativt forteikn som det er grunn til å spesielt følgje vidare i den årlege miljørekneskapskapen som skal vare fram til 2014:

- Det er støvflukt frå anlegget som gir auka innslag av kvikksølv i eit område på 430 meter rundt anlegget som har det dobbelte av bakgrunnsverdiene for kvikksølv.

- R e t t utanfor anlegget er det registrert moderat forureining av kvikksølv som NIVA tilrår søkjelys på.
- Det er registrert ei rekkje

såkalla uønskete stoff som Klif ikkje lenger vil skal vere i bruk. Det er stoff som er brukt til overflatebehandling og i såper. NIVA tilrår at kjelda blir identifisert og at stoffa blir del av reinsinga.

### Frakta med støv

I tillegg til det årlege overvåkingsprogrammet, har NIVA sjekkt av tungmetall i mose i 18 målepunkt i området, inn til Vats skule. Dei forhøga verdiene av kvikksølv samanlikna med bakgrunnsverdiar, er registrert 430 meter frå anlegget, inn til Indrelandsvika, medan det ein kilometer frå anlegget ikkje er registrert nokon påverknad.

— Det er all grunn til å sjekke dette vidare og sjå effekten framover ved at ein gjennomfører tiltak, seier Kvassnes.

◀ Det er all grunn til å sjekke dette vidare og sjå effekten framover

ASTRI KVASSNES, NIVA

## Grannar

Stifta i 1973  
Ansvarleg redaktør  
Arne Frøkedal



Grannar ønskjer å retta seg etter reglar for god presseskikk slik desse er nedfelt i Vær Varsom-plakaten. Den som meiner seg ramma av urettmessig avisomtale vert oppfordra til å ta kontakt med redaksjonen. Det er også høve til å reisa klage for Pressens Faglige Utvalg, Rådhusgt. 17, Postboks 46, 0101 Oslo. Tlf. 22 40 50 40 eller e-post: pfu@np-nt.no



are verdier enn ved sist måling, meiner NIVA. Den sterke auken i spreing av støv er av nyare dato, meiner dei. FOTO: JON EDVARDSEN

# flukt framover



Direktør Bengt Hildisch og plassjef Eivind Skeie i AF Decom Offshore AS under presentasjonen av den årlege NIVA-rapporten i går.

Ho konkluderer med at den sterke auken av støvspreing frå anlegget, er av nyare dato.

Både miljøleiar Bjørn Smiths i AF Decom Offshore AS og base-sjef Eivind Skeie, seier det er utelukka at skjerebrenning er årsaka til at litt kvikksølv blir spreidd til nærområdet.

— Det er mest sannsynleg at det blir spreidd med støv frå anlegget. Vi gjer tiltak for å redusere det, seier Bjørn Smiths.

### Små utslipp

Skeie opplyser at dei feiar plata på industriområdet for å få hand om støvet.

Kvassnes sin gjennomgang viste at det er små utslipp til sjo, og langt innanfor dei grensene Decom har i utslippsoyvet. Innslaget av miljøgifter i fisk og blåskjel har uendra eller positiv utvikling, spesielt for blåskjel. Brønnboring under membranen på anlegget som skal hindre at tungmetall og miljøgifter går ned i grunnen, viser at det fungerer.

Det er ingen auke for radioaktive stoff, og for fisk og skaldyr ute på fjorden er det ikkje funne noko ut over bakgrunnsverdiar.

Bjørn Smiths hadde ein gjennomgang av søknaden til Statens strålevern om større utslipp av radioaktivitet, og lagring av meir lågradioaktivt avfall. Han meiner reaksjonane på søknaden lett kjem ut av proposisjon.

— Det er svært lite radioaktivitet som vil kome frå oss samanlikna med det som kjem ut i Rauneselva. Når det gjeld lagring, så er det regelverket som har endra seg, ikkje kva vi faktisk har på området, sa han.

## Kostbare brannar i landbruket

Det var 213 brannar i bustadhus knytt til landbruk med skadeutbetaling på over kroner 50.000, til saman 145 millionar kroner. Det viser fjorårsstatistikken frå Landbrukets brannvernkomité. Tilsvarande var det 304 brannar i driftsbygningar med skadeutbetalingar på 307 millionar. Gartner- og svinenæring har også tatt store tap i 2011, der veksthus for 58 millionar gjekk tapt. Tidligere undersøkingar tilseier at to av tre brannar i driftsbygningar har samanheng med eller bruk av elektrisitet.

## Kommunalt millionoverskot

Rådmann Elling Hetland i Etne kunne leggja fram svært positive tal då han orienterte formannskapet om rekneskapen for 2011. — Me er i ferd med å avslutta rekneskapen, og slik det ser ut no ligg det an til eit overskot på om lag 8 millionar kroner, sa han. Ifølgje rådmannen skuldast halvparten av overskotet lågare utgifter i form av renter og avdrag. Også på driftssida ser tala positive ut med fleire einingar som går i pluss.

## Trefte murkant

Bilisten opplevde ein samanstøyt av det harde slaget. Politiet fekk ein liten time over midnatt natt til tysdag, melding via AMK om trafikkulykke i Vikebygd. Ein bil hadde trilla rundt på sida etter møte med ein murkant. Førar som var aleine i bilen, blei køyrt til Haugesund sjukehus for sjekk. — Det er ingen mistanke om rus, opplyser operasjonleiar Norunn Byrknes ved Haugaland og Sunnhordland politidistrikt. Vindafjord lensmannskontor etterforskar saka vidare.

## Trafikkuhell på Fikse

Ved 12-tida torsdag vart ein bil på veg austover påkjørt av ein utanlandsk bilist på E134 ved Fikse. — Bilen fekk skadar i fronten, opplyser lensmann Ingvar Gjærde, og legg til at det ikkje er ei politisak, men ei sak som sjåførane må ordna opp seg mellom og med forsikringselskapa.

## Tre over ende

Natt til søndag bles det følt i Stordalen og på Håland, og ifølgje lensmann Ingvar Gjærde skal fleire tre ha blese over ende på Skånevikkssida på Håland. Gjærde seier vegtrafikkentralen vart varsla og rydda opp etter uværet.

## Søker påskelam



Påskan nærmar seg og fersk lammelår er tingen for mange nordmenn. Fatland i Ølen er blant produsentane som vil utnytta dette, og ber nå sauebøndene om tidleg innmelding i år. — Me håper flest mogeleg vel å levera før påske slik at det er mogeleg å få fersk lammekjøtt til middagsbordet, melder slakteriet.

**TIPS OSS**

975 70 789  
53 77 11 00  
tips@grannar.no

**DAGENS TAL: 8**

**8 prosent av befolkninga  
brukar snus dagleg**